



Norconsult  
Postboks 1199  
5012 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2507 - 15/18865

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
19.10.2015

## Godkjenning - GBNR 36/1 mfl - Løyve til bygging av VA-anlegg fra Ådland til Landsvik

**Administrativt vedtak. Saknr: 380/2015**

**Tiltakshavar:** Meland kommune  
**Ansvarleg søker:** Norconsult  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav a og f (VA-anlegg/byggteknisk installasjon)

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Norconsult AS har ved søknad journalført 18.9.2015 søkt om løyve til å legge nytt kommunal vassforsyningsanlegg på land frå Ådland til Landsvik. Tiltakshavar er Meland kommune.

Prosjektet gjeld etablering av overføringsleidning for vatn frå Ådland til Landsvik for å knytte nordre del av kommunen til Meland vassverk. Samla sett omfattar tiltaket om lag 3km sjøleidning og om lag 1km leidning i grøft på land. Føreliggjande søknad gjeld den delen av tiltaket som skal ligge i grøft på land. Vedlagt søknaden ligg trasé- og profildeikningar som skildrar tiltaket, samt situasjonsplan/oversiktskart.

### VURDERING:

#### Nabovarsling og privatrettslege forhold:

Tiltaket vart nabovarsla 24.6.2014 i samsvar med pbl § 21-3. Det er opplyst at grunneigaravtaler vil bli ettersendt, og føreliggjande løyve vert gitt på vilkår om dette.

Eigarane av gbnr 36/1, Berit og Monrad Boge har gjennom skriv til Norconsult knytt merknader til søknaden. Følgjande er der opplyst:

«Innerst i Riplevika er det båtstø og oppdragsplass, felles for 36-1 og 36-3. Denne støa er smal, og på begge sider er det steinmurar (liten kai og undermuring til naust). Ein bekk renn og ut i vika. Denne blir stor ved mykje nedbør.

1. Vi er uroa over at dersom det blir grand gjennom støa vil underlaget bli ustabil og siga ut og dermed øydelegga kai og fundament for naust. Etter graving vil bekken lett fortsetja å vaska ut det som er fylt tilbake over ledningen. Vi krev at dette blir teke omsyn til og tiltak planlagt for å unngå skader. Det vil truleg være naudsynt å sikra ved å støype langs murane og over støa.
2. I Riplevika har fleire eigendomar båt plass. Dei fleste båtane ligg for ile (bøye og anker). Vi kjenner ikkje til korleis ledningen er planlagt å gå gjennom Riplevika, men moglege restriksjonar for bruken av vika blir ikkje godteke av brukarane. Ledningen må dekkast til.

Det er ikkje motteke merknader ut over dette.

Tiltakshavar har gjennom epost journalført 14.10.15 kommentert merknadene. Følgjande er mellom anna opplyst etter felles synfaring med grunneigar:

«Vannledning legges i trekkerør forbi området hvor det er aktuelt å bygge naust. Det fundamenteres for naust inntil ledningstrase slik at trekkerør/ledningstrase ikke blir undergravid/berørt ved eventuelt senere naustebygging. Det ble også uttalt at disse tiltakene ikke har noe sammenheng med et byggeløyve for naust. En byggesak må behandles på vanlig måte.»

Ut over dette legg administrasjonen til grunn at det vil bli inngått grunneigaravtalar med eigarane av gbnr 36/1 og 36/3, som opplyst i søknaden. Leidningen skal følgje eksisterande vegtrasé og inneber små terrenginngrep ut over dette. Det vert stilt som vilkår for føreliggjande løyve at grunneigaravtaler som gir kommunen tinglyst rett til å gjennomføre og ha liggjande tiltaket vert dokumentert i saka. Løyve etter plan- og bygningslova er ikkje bestemmande for privatrettslege tilhøve.

#### Lov- og plangrunnlag:

Leidningstraséen på land – som søknaden gjeld – ligg i eit uregulert område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) delvis er avsett til LNF-formål og delvis framtidig byggjeområde for fritidsbustader. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med korkje LNF- eller strandsoneomsyn. Leidningar går til sjø og deler av tiltaket ligg soleis i strandsona, jf pbl § 1-8.

I høve til byggjegrænse mot sjø har KPA følgjande føresegn i punkt 1.6, siste kulepunkt:

«Der det er naudsynt for framføring av kablar, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan graving i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer skånsamt og terrenget vert ført attende til det opphavlege».

Vilkåret er oppfylt i denne saka, slik at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå kommuneplanen sin byggjegrænse mot sjø. Dette vil òg gjelde den delen av tiltaket som skal ligge i sjå frå Ådland til Landsvik.

Kommunen sin godkjente VA-norm skal leggjast til grunn for tiltaket, jf føresegn 1.4.1 til KPA. Tiltaket er elles i samsvar med tiltaksplan/hovudplan for vassforsyning vedteke av Meland kommunestyre 17.12.2014, sak 85/2014. På denne bakgrunn vert tiltaket vurdert å vere i samsvar med føresegn 1.5.2 til KPA som inneheld krav om felles plan for infrastruktur innanfor areal sett av til bygg og anlegg.

Tiltaket vert etter dette vurdert å vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel både kva gjeld arealkart og føresegner, og er heller ikkje i strid med vedtekne reguleringsplanar. Dette vil òg gjelde den delen av tiltaket som skal ligge i sjå frå Ådland til Landsvik.

Plassering av tiltaket:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan/oversiktskart og trasé- og profildeikning stempla godkjent 19.10.2015.

Ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar i saka:

<b>Føretak:</b>	<b>Ansvarsområde for godkjenning:</b>
Norconsult AS, VA-seksjonen Org.nr 962 392 687 Sentral godkjenning	SØK, (tkl 2) PRO, grunn- og leidningsarbeid (tkl 2)
Alversund Maskinstasjon AS Org.nr 937 664 044 Sentral godkjenning	UTF, grunn- og leidningsarbeid (tkl 1)
Skarsvåg rør og interiør AS Org.nr 979 679 149 Sentral godkjenning	UTF, rørleggerarbeide, utvendig (tkl 2)

**VEDTAK:**

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a og f, vert det gitt løyve til graving og nedlegging av vassforsyningsleidning over gbnr 36/1 og 36/3, som omsøkt, jf søknad journalført 18.0.2015 og supplert 14.10.2015. Tiltaket skal plasserast og utførast som omsøkt, jf situasjonsplan og plan- og profildeikningar stempla godkjent 19.10.2015.

Det gjeld følgjande vilkår for løyvet:

1. Grunneigaravtalar skal vere inngått og sendast inn til administrasjonen før tiltaket vert sett i gang.
2. Godkjenning frå Bergen og Omland Hamnevesen (BOH) skal vere gitt og sendt inn til administrasjonen før tiltaket vert sett i gang. Vilkåret gjeld arbeid i sjø som krev godkjenning frå BOH.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor, jf pbl § 23-3.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følgjer av vedtaket eller vurderinga over.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Byggeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Gbnr 36-1 mfl - Godkjente teikningar - Vassleidning

**Kopi til:**

Berit og Monrad Boge

**Mottakere:**

Norconsult

Postboks 1199

5012

BERGEN